

## VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERING – KLOVNINGEN HAMN

I medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 12-8 varslar Vanylven kommune med dette oppstart av detaljregulering av Klovningen Hamn. Planen blir utarbeidd i samsvar med pbl §12-3 og §12-10.

Føremålet med planarbeidet er å få formelt plangrunnlag for å utvikle ei attraktiv og framtidretta hamn som er betydeleg større enn dagens hamn. Som et ledd i planarbeidet skal det vurderast om moloen skal forlengast eller eventuelt utformast annleis enn i dag. Området rundt hamna skal vurderast og ses i samband med den nye hamna.

### Planstatus

Hamna er ikkje regulert tidlegare, men en reguleringsplan av nyare dato (Søre Klovningen, planid: 200601, vedtatt 2013) ligg inn til dagens hamn mot sør. I kommuneplanens arealdel er Klovningen hamn avsett til «hamneføremål», mens et område mot nord er avsett til «framtidig småbåthamn». På land er strandlinja avsett til «offentleg eller privat tenesteyting» med en stripe med «andre typar busetnad og anlegg» bak.

### Vurdering av krav om konsekvensutgreiing (KU)

Det brukast *Forskrift om konsekvensutredninger* for vurderinga.

§ 6 b – Planar og tiltak som alltid skal ha konsekvensutgreiing og ha planprogram/ tiltak i vedlegg I.

Potensielle tiltak:

- ingen

§ 8 a – Planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast viss de kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn/ tiltak i vedlegg II

- 1g – Landgjenvinning frå havet

→ *ikkje aktuelt. Det skal utvidast ei eksisterande molo. Storleiken av utfyllinga for dette vurderast som svært beskjedent og vurderast å være i seg sjølv ikkje ku-pliktig. Andre tilhøve knytt til utfyllinga (grunnstabilitet, forureining mm) vurderast under § 10.*

- 10k – Bygging av erosjonsforebyggjande kystanlegg og vassbygging til sjøs som kan medføre endringar av kysten

→ *ikkje aktuelt. Det skal byggjast molo for skjerming av eksisterande småbåthamna. Tiltaket er av beskjedent omfang og er ei utviding av et allereie etablert anlegg. Vi vurderer derfor at eigen utgreiing ikkje vil være naudsynt. Andre tilhøve knytt til utfyllinga (grunnstabilitet, forureining mm) vurderast under § 10. Landskapsverknadar og verknadar for sjøtrafikk og kysten vil omtalast likevel i planen, slik at ein har tilstrekkeleg opplysningar for å ta en avgjerd.*

- 12b – Lystbåthamna

→ *ikkje aktuelt. Det skal utvidast en eksisterande småbåthamn. Tiltaket er i dag og vil også være i framtida av beskjedent storleik.*

§ 10 – Kriterium for vurdering av om en plan eller et tiltak kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn

- g) vesentleg forureining eller klimagassutslepp

→ *tiltak i sjøbotn krev tillating av forureiningsmynde (statsforvaltaren). Det må undersøkjast om sjøbotn er forureina og medfører fare for vassmiljøet.*

- h) Risiko for alvorlege ulykker som ein følgje av naturfarar som ras, skred, eller flaum

→ *grunnstabiliteten og flaumfare i området er uavklart og bør undersøkjast.*

Med bakgrunn i *Forskrift om konsekvensutgreiing* har Vanylven kommune vurdert at tiltaket ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing etter forskrifta. Landskapsverknader mm vil omtales i planen på vanleg måte. Grunnstabiliteten og forureiningsrisiko må undersøkjast nærare.

### Planprosess

Dette er i fyrste omgang eit varsel om at planarbeidet er starta opp. Har du opplysningar eller synspunkt som er viktige å ta høgde for i høve planarbeidet ber vi om å få tilsendt desse. Merknader/innspeil til planarbeidet merkast med «Detaljregulering Klovningen Hamn» og sendast som brev til: Vanylven kommune, Rådhusvegen 1, 6143 Fiskå eller som e-post til: [postmottak@vanylven.kommune.no](mailto:postmottak@vanylven.kommune.no). Frist for merknader/innspeil er sett til **13.05.2021**.

Kontaktperson hos Vanylven kommune er kommunalsjef teknisk Helge Kleppe, tlf: 70030071.

Når det er utarbeidd eit forslag til reguleringsplan vil denne bli lagt ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker. Dette vil bli annonsert i Synste Møre, og grunneigarar og aktuelle myndigheiter vil bli varsla per Altinn/brev/e-post. Ved offentleg ettersyn vert planen lagt ut på kommunen si heimeside og det vil då vere moglegheiter for å sjå på løysingane i planen og kome med meir konkrete innspel.